

DELEGERINGS- OG INNSTILLINGSREGLEMENT FOR VIK KOMMUNE

Vedteke av kommunestyret sak 103/20, 17.12.2020



Innhald *(klikk på overskrifta for å koma til kapittelet!)*

1	Innleiing	5
1.1	Prinsipielle saker.....	5
1.2	Hovudprinsipp ved delegering.....	5
1.3	Målsetjing med delegert mynde	5
2	Definisjonar.....	5
2.1	Organ	5
2.2	Delegering	6
2.3	Kurante saker.....	6
2.4	Prinsipielle saker.....	6
3	Om delegasjon til rådmannen	6
4	Vurdering og avgjerd om ei sak er prinsipiell	7
5	Delegasjonsreglementet sin status ved lovendring	7
6	Rådmannen si rapporteringsplikt	7
7	Delegasjon frå kommunestyret	7
7.1	Kommunelova 22.6.2018 nr. 83	7
7.2	Vallova 28.6.2002 nr. 57	8
7.3	Plan- og bygningslova 27.6.2008 nr. 71	8
7.4	Matrikkelloven 17.6.05 nr. 101	9
7.5	Veglova 21.6.63 nr 23	9
7.6	Vatn- og kloakkavgiftslova 16.3.12 nr. 12	9
7.7	Forureiningslova 13.3.81 nr. 6.....	10
7.8	Friluftsløva 28.6.57 nr. 16	10
7.9	Viltlova 29.5.81 nr 38.....	10
7.10	Lakse- og innlandsfiskeløva 15.5.92 nr 47	10
7.11	Jordlova 12.5.95 NR. 23	10
7.12	Beiteløva 16.6.61 nr. 12	10
7.13	Hundeløva 4.7.03 nr. 74.....	10
7.14	Lov om matproduksjon 19.12.03 nr. 124.....	10
7.15	Odelslova 28.6.74 nr. 58	10
7.16	Forpaktingslova 25.6.65.....	10
7.17	Skogbrukslova 27.5.05 nr. 31	10
7.18	Brann og eksplosjonsvernlova 14.6.02 nr 20.....	10
7.19	Eldrerådslova 8.11.91 nr. 76	11

7.20	Eigedomsskattelova 6.6.75 nr. 29	11
7.21	Skattebetalingslova 17.6.05 nr. 67	11
7.22	Alkohollova 2.6.89 nr. 27	11
7.23	Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag 10.6.77 nr. 82.....	11
7.24	Lov om film og videogram 15.5.87 nr. 21	12
7.25	Lov om helgedagar og helgedagsfred 24.2.95 nr 12.....	12
7.26	Serveringslova 13.6.97 nr.55	12
7.27	Stadnamnlova 18.5.90 nr. 11	12
7.28	Forvaltningslova 10.2.67	12
7.29	Opplæringslova 17.7.98 nr. 61.....	12
7.30	Vaksenopplæringslova 19.6.09 NR. 95.	12
7.31	Barnehagelova 17.6.05 nr. 64	12
7.32	Barnevernlova 17.7.92 nr. 100.....	12
7.33	Folkehelselova 24.6.11 nr. 29	12
7.34	Sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga 18.12.09 nr. 131.....	13
7.35	Helse og omsorgstenestelova 24.06.11 nr. 30.....	13
7.36	Smittevernlova 5.8.94 nr. 55.....	13
7.37	Tobakkskadelova 9.3.73 nr. 14.....	13
7.38	Folkebiblioteklova 20.12.85 nr. 108.....	13
7.39	Eigarseksjonslova 16.6.17 nr. 65	13
7.40	Konsesjonslova 28.11.03 nr. 31	13
7.41	Lov om vassdrag og grunnvatn (vannressurslova) 24.11.00 nr. 82.....	13
7.42	Naturmangfaldlova 19.6.09 nr. 100	13
7.43	Arkivlova 4.12.92 nr. 26.....	13
7.44	Introduksjonslova 4.7.03 nr. 80	13
7.45	Småbåtlova 26.6.98 nr. 47 § 40 fjerde ledd andre punktum.....	13
7.46	Offentleglova 19.5.06 nr. 16.....	14
7.47	Lov om pasient og brukarrettar 2.7.99 nr. 63	14
7.48	Lov om offentleg innkjøp 17.6.16 nr 73	14
7.49	Lov om helsepersonell 2.7.99 nr 64.....	14
7.50	Husbanklova 29.05.09 nr 30	14
7.51	Sivilbeskyttelseslova 25.6.10 nr. 45	14
7.52	Personopplysningslova 15.06.2018 nr 38	14
7.53	Dyrehelsepersonellova 15.06.2001 nr 75.....	14
8	Diverse saker.....	15

8.1	Fast eiendom.....	15
8.2	Erstatningskrav	15
8.3	Lønsforhandlingar / personaladministrasjon	15
8.4	Anna.....	15
9	Mynde i rettslege tvistar.....	15
10	Innstillingsreglement.....	16

1 Innleiing

Kommunelova sitt utgangspunkt er at kommunestyret – med nokre unntak – kan delegera alt sitt mynde enten til formannskapet eller til administrasjonen. Kommunestyret har likevel framleis det overordna ansvaret.

Kommunestyret har delegert til formannskapet å avgjera alle saker av prinsipiell betydning som ikkje kommunestyret sjølv skal behandla. Formannskapet innstiller i saker av prinsipiell betydning som kommunestyret sjølv skal behandla.

Delegasjon til administrasjonen skal skje til rådmannen. Enkelt saker og saker av ikkje-prinsipiell betydning er i utgangspunktet delegert. Rådmannen har høve til å vidaredelegera mynde.

1.1 Prinsipielle saker

Saker av prinsipiell betydning kan ikkje delegerast til rådmannen, jf. Kommunelova § 5-3, 3. ledd og § 13-1, 6. ledd. Slike saker er dermed ikkje delegert, sjølv om reglementet etter sin ordlyd kan forståast slik. Delegasjonsreglementet må brukast som om det stod at «alt mynde som ikkje er av prinsipiell betydning, er delegert til rådmannen». Når delegasjon er lovstridig for prinsipielle saker, medfører det at rådmannen ikkje har kompetanse til å treffa vedtak i saka, og at han/ho pliktar å føra saka vidare til politisk handsaming.

For saker om lovpålagte oppgåver kan kommunestyret delegera mynde til andre rettssubjekt så lang lovgjeving opnar for det, jf. Kommunelova § 5-4.

1.2 Hovudprinsipp ved delegering

Etter kommunelova av 2018 er alt mynde lagt til kommunestyret. Kommunestyret kan delegera sitt mynde til andre politiske organ, til kommunedirektøren (rådmannen) eller andre rettssubjekt, med mindre det er lovbestemt at mynde ikkje kan delegerast.

1.3 Målsetjing med delegert mynde

Målsetjing med delegert mynde er å gjera arbeidsform og vedtaksprosessar tenlege og effektive. Ved å delegera mynde til å ta avgjerd i kurante saker, der avgjerda følgjer direkte av lov, føresegn eller frå kommunen sin eigne vedtak, får administrasjonen frigjort tid som kan nyttast til å:

- gje betre tenester til innbyggjarane.
- ta raskare avgjerd i einskildsaker slik innbyggjarane forventar.
- betre tilrettelegging av prinsipp saker, skjønnsprega saker og andre spørsmål som må handsamast av politiske organ.
- betre utnytting av administrative ressursar.

2 Definisjonar

2.1 Organ

Eit organ er definert som kommunestyre, formannskap, eit politisk utval, ein komité eller rådmannen.

2.2 Delegering

Overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Det rettslege innhaldet i eit delegeringsvedtak er at den ein delegerer til kan treffa avgjerd innan vedtaket sine rammer på vegne av det delegerande organet.

Delegering av mynde medfører *ikkje* at det delegerande organet gjev frå seg mynde eller ansvar på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta tilbake det mynde som er delegert.

2.3 Kurante saker

Avgjerder som meir eller mindre fylgjer av lov, føresegn/regelverk eller kommunen sine egne vedtak, og ut frå dette har liten grad av skjønn, vert rekna som kurante saker. Sakene må ikkje ha økonomiske konsekvensar utover dei økonomiske rammene for planlagt aktivitet (budsjett).

2.4 Prinsipielle saker

- avgjerd som treng ei breiare skjønnsmessig vurdering.
- avgjerd der det er politiske vurderingar eller prioriteringar.
- avgjerd der ein innleiar ein ny praksis.
- avgjerd som medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet (budsjett).

Dersom det er uklårt om ei sak er prinsipiell eller kurant, skal rådmannen avklara dette med ordførar. Dei avklaringar som vert gjort, utviklar ein praksis som supplerer reglane i delegeringsreglementet.

3 Om delegasjon til rådmannen

Det er berre kommunestyret som kan delegera til administrasjonen. Når det vert delegert til administrasjonen, blir fullmakta alltid lagt til rådmannen. Dette med nokre få unntak der det i særlover spesifikt blir sagt at eventuell delegering skal leggjast til andre fagfunksjonar/styre. Delegasjonsreglementet legg til grunn prinsippet om at alle einskildsaker i første hand skal avgjerast av administrasjonen. Det er ein føresetnad at desse sakene er kurante, dvs. at dei har klare føringar enten i form av lov, føresegner, reglement eller vedtak.

Sakene må også kunna handsamast innanfor budsjetterte rammer.

Myndet til rådmannen kan samanfattast slik:

- Vedtaksmynde i kurante saker, med unntak av der kommunestyret gjennom reglement eller positivt har lagt mynde til politiske organ.
- Vedtaksmynde i alle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og den einskilde tilsett, inkludert oppretting/nedlegging av stillingar og tilsetjing/oppseiing/avskjed/suspensjon.
- Mynde til å disponera budsjett innanfor kvart tenesteområde (sektor).
- Mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtaler innanfor normal drift.

- Rådmannen har ikkje høve til å handsama saker som ikkje er kurante. Rådmannen kan då:
 - a) leggja dei fram for formannskapet.
 - b) trekkja ut dei prinsipielle spørsmåla og leggje dei fram for politisk handsaming for einskildsaka vert avgjort administrativt.

4 Vurdering og avgjerd om ei sak er prinsipiell

Administrasjonen har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere om ei sak er prinsipiell. Er sakshandsamar i tvil, skal han/ho leggja saka fram for overordna og eventuelt rådmannen som avgjer om saka er prinsipiell. Dersom rådmannen finn saka tvilsam, skal spørsmålet leggjast fram for ordføraren. Ordføraren kan, om ho/han ikkje sjølv tek avgjerd, leggja saka fram for kommunestyret. Vedtak her vil vera retningsgjevande for tilsvarande saker i ettertid.

5 Delegasjonsreglementet sin status ved lovendring

Endringar i lover og forskrifter vil automatisk falla inn under det delegerte mynde dersom dette ikkje er i strid med lov eller kommunestyret bestemmer noko anna. Dersom lover blir oppheva og erstatta av nye, gjeld tilsvarande.

Ved vesentlege endringar i lover og/eller forskrifter skal rådmannen leggja spørsmålet fram for kommunestyret til avgjerd.

6 Rådmannen si rapporteringsplikt

Rådmannen skal jamleg rapportera om saker som er avgjort etter delegert mynde. Rapporteringa skal skje til vedkomande politiske organ som saka høyrer under. Rapporteringa kan skje i form av referatsaker i etterfylgjande møte.

7 Delegasjon frå kommunestyret

7.1 Kommunelova 22.6.2018 nr. 83

Kommunestyret avgjer sjølv fylgjande saker:

- Tilsetjing av kommunedirektør/rådmann § 13-1
- Oppretting av leiande administrative stillingar på åremål § 13-2
- Tilsetjing av revisor § 24-1
- Fastsetja retningsliner for dei tilsette sin møterett i kommunale nemnde § 13-4
- Gje mynde i hastesaker § 11-8
- Endringar i talet på medlemar i kommunestyret § 5-5
- Godtgjersler, fastsetja nærmare reglar for skyss-, kost-, overnattings- og møtegodtgjersle §§ 8-3 – 8-10..
- Interkommunalt samarbeid § 17-8
- Interkommunalt politisk råd § 18-1
- Val av medlemar og varamedlemar til representantskap i interkommunale politiske råd § 18-3
- Lukka møtet § 11-5

- Fastsetja nærmare reglar om føring av møtebok § 11-4
 - Oppretting av eige styre for kommunal bedrift § 5-10
 - Oppretting av faste utval og komitear § 5-7
 - Vedta å oppretta eller slutta seg til pensjonsordningar for folkevalde § 8-7
 - Fastsetja reglement med nærmare reglar om saksbehandling i folkevalde organ § 11-12
 - Val av formannskap, ordførar og varaordførar, kontrollutval, samt kommunen sine representantar, leiar og nestleiar i administrasjonsutval §§ 5-11, 6-2, 7-1,
 - Val av eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd eller anna medverkande organ for ungdom § 5-12
 - Vedta og endra økonomiplan § 14-2
 - Vedta årsbudsjettt og vesentlege endringar i rammene for dette § 14-5
 - Vedta rammer for å ta opp lån §14-14
 - Vedta årsrekneskap og årsmelding § 14-2
 - Vedta økonomireglement og finansreglement §14-2
 - Vedta endringar i finansreglementet §14-13
 - Vedta finansielle måltall for utvikling av kommunen sin økonomi §14-2
 - Oppretta oppgåvefellesskap § 19-1
 - Vedta samarbeidsavtale i oppgåvefellesskap §19-4
 - Velja medlemar og varamedlemar til representantskap i oppgåvefellesskap §19-3
 - Instruera rådmannen i eigen kommune til å vidaredelegera
 - Vedta samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid § 20-4
 - Oppretting av kommunale føretak § 9-1
 - Ta stilling til framlegg frå innbyggjarane i kommunen § 12-1
 - Vedta betalingsinnstilling § 29-2
- Mynde i hastesaker etter lova sin § 11-8 blir lagt til formannskapet.
Formannskapet innstiller i saker om økonomiplan og årsbudsjettt, § 14-3

Anna mynde etter kommunelova vert delegert til rådmannen, m.a. gjeld dette:

- Dagleg drift og organisering av kommunen

7.2 Vallova 28.6.2002 nr. 57

Kommunestyret vel sjølv valstyre § 4-1.

Kommunestyret delegerer til valstyret å velja medlemar til stemmestyra, i tillegg til leiar og nestleiar til desse § 4-2, og å avgjera kor mange stemmekretsar kommunen skal delast inn i § 9-3.

Mynde i einskildsaker vert delegert til rådmannen.

7.3 Plan- og bygningslova 27.6.2008 nr. 71

Kommunestyret avgjer sjølv fylgjande saker:

- Ansvar for og leing av kommuneplanlegging og reguleringsplanar § 3-2
- Vedta kommuneplan og reguleringsplan § 11-15 og § 12-12
- Handsama klage over reguleringsvedtak i høve til § 12-12
- Ekspropriasjon utanfor reguleringsområde § 16-2, 3. ledd
- Ekspropriasjon uavhengig av reguleringsplan § 16-3
- Ekspropriasjon til vatn og avløpsanlegg § 16-4
- Fastsetja innbetalingsssatsar for byggje og parkeringsanlegg § 28-7
- Fastsetja regulativ for gebyr § 33-1

Kommunestyret delegerer til formannskapet fylgjande mynde:

- Handsama alle saker etter lova, med unntak av kommuneplanar og kommunedelplanar, så sant ikkje lova legg mynde direkte til kommunestyret sjølv, eller mynde er delegert til andre av kommunestyret.

Kommunestyret delegerer til formannskapet mynde til å gjera vedtak i prinsipielle saker som gjeld:

- Fastsetjing av planprogram til reguleringsplan etter § 12-9
- Vedtak av mindre reguleringsplanar etter § 12-12 når desse er i samsvar med rammer og retningslinjer i arealdelen av kommuneplanen, og denne er maksimalt 4 år
- Mindre endringar av reguleringsplan og vedta utfyllingar etter § 12-14
- Vedtak om midlertidig dele- og byggjeforbod etter kap. 13
- Føreta førebuande klagebehandling etter fvl. § 33

Formannskapet blir vidare gjeve mynde til å dispensera frå lova, forskriftene eller plan der det er høve til å gje slik dispensasjon, jfr. kap. 19.

Kommunestyret delegerer til rådmannen fylgjande mynde:

- Mynde til å treffa vedtak i alle saker som ikkje er prinsipielle, etter den til ei kvar tid gjeldande plan- og bygningslovgjeving
- Mynde til å føreta mindre endringar i reguleringsplanar etter § 12-14
- Mynde etter kap. 19 til å avslå søknader om dispensasjon etter plan- og bygningslova, samt innvilga kurante dispensasjonssaker.
- Mynde til å leggja ut reguleringsplanar til offentleg ettersyn

7.4 Matrikkelloven 17.6.05 nr. 101

Kommunestyret sjølv fastset gebyrregulativ i samsvar med gjeldande regel § 32

Alt anna mynde etter lova vert delegert til rådmannen.

7.5 Veglova 21.6.63 nr 23

Formannskapet delegerer sitt mynde som vegstyresmakt for kommunale vegar etter lova sin § 9 3. ledd til rådmannen.

Alt anna mynde etter lova vert delegert til rådmannen.

7.6 Vatn- og kloakkavgiftslova 16.3.12 nr. 12

Kommunestyret fastset forskrift om vatn- og avløpsgebyr

7.7 Forureiningslova 13.3.81 nr. 6

Kommunestyret sjølv er forureiningsstyresmakt og gjer vedtak i alle saker som ikkje er delegerte, herunder vedtak om forskrift om avfallshandtering § 30.

Mynde til å avgjera enkeltsaker vert delegert til rådmannen.

7.8 Friluftsløva 28.6.57 nr. 16

Det vert delegert til formannskapet å ta avgjerd om det er nødvendig med løyve frå kommunen for å krevja avgift for tilgang til friluftsområde § 14, 2. ledd.

Alt anna mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.9 Viltlova 29.5.81 nr 38

Kommunen sine oppgåver og mynde blir delegert til rådmannen.

7.10 Lakse- og innlandsfiskeløva 15.5.92 nr 47

Kommunen sine oppgåver og mynde blir delegert til rådmannen.

7.11 Jordlova 12.5.95 NR. 23

Mynde etter lova er delegert til kommunen gjennom forskrift gitt av Landbruksdepartementet.

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.12 Beiteløva 16.6.61 nr. 12

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.13 Hundeløva 4.7.03 nr. 74

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.14 Lov om matproduksjon 19.12.03 nr. 124

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.15 Odelslova 28.6.74 nr. 58

Mynde etter lova er delegert til kommunen gjennom forskrift gitt av Landbruksdepartementet.

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.16 Forpaktingslova 25.6.65

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.17 Skogbrukslova 27.5.05 nr. 31

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.18 Brann og eksplosjonsvernlova 14.6.02 nr 20

Alt mynde etter lova, som ikkje er lagt til kommunestyret sjølv, blir delegert til representantskapet i Sogn brann og redning IKS

7.19 Eldrerådslova 8.11.91 nr. 76

Kommunestyret sjølv skal oppretta eldreråd i kommunen, og sjølv ta avgjerd om talet på medlemar og velja desse.

7.20 Eigeomsskattelova 6.6.75 nr. 29

- Kommunestyret sjølv avgjer om det skal skrivast ut eigeomsskatt i kommunen § 2.
- Kommunestyret sjølv avgjer kor høg sats og kva reglar som skal gjelda ved utskriving av eigeomsskatt, jfr. kap. 4.
- Kommunestyret sjølv fastset terminar for innbetaling av eigeomsskatten § 25
- Kommunestyret sjølv vel skattetakstnemnd og overtakstnemnd.
- Kommunestyret delegerer til formannskapet å handsama saker om ettergjeving eller nedsetjing av eigeomsskatt i medhald av § 28.

7.21 Skattebetalingslova 17.6.05 nr. 67

Kommunestyret sjølv vel skatteutval.

7.22 Alkohollova 2.6.89 nr. 27

- Kommunestyret sjølv vedtek ruspolitisk handlingsplan.
- Kommunestyret sjølv avgjer tildeling av løyve og om tida for sal og skjenking.
- Kommunestyret delegerer til formannskapet å vera kontrollutval og føra kontroll med sals og skjenkestadane, jfr. § 1-9 med tilhøyrande forskrift.
- Kommunestyret delegerer til formannskapet å inndra sals og skjenkeløyve i høve til § 1-8.
- Kommunestyret delegerer til formannskapet å fastsetja om det skal krevjast gebyr for skjenkeløyve som blir gjeven for eit einskilt høve og evt. retningslinjer for dette.

Alt anna mynde etter lova blir delegert til rådmannen. Dette gjeld:

- Å tildela løyve, utvida skjenketid og utvida skjenkelokale for eit einskilt høve, og å tildela ambulerande skjenkeløyve.
- Å gje advarsel ved brot på lov eller forskrift avdekka ved kontroll.
- Å fastsetja og krevja inn avgift for sal av øl og skjenking av alkoholhaldig drikk i samsvar med departementet sine forskrifter om berekning og innbetaling.
- Å godkjenna styrar, stedfortredar og eventuelle andre aktørar der dette ikkje er knytt til søknad om løyve.
- Å oppnemna/inngå avtale med kontrollørar for utføring av kontroll av løyva.

7.23 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag 10.6.77 nr. 82

Kommunestyret fastset sjølv forskrifter om generelle løyve som gjeld luftfartøy og motorfartøy på innsjø § 5.

Forskrifta §6, «særlege behov», vert delegert til formannskapet.

Alt anna mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.24 Lov om film og videogram 15.5.87 nr. 21

Alt mynde etter lova vert delegert til rådmannen.

7.25 Lov om helgedagar og helgedagsfred 24.2.95 nr 12

Alt mynde etter lova vert delegert til rådmannen.

7.26 Serveringslova 13.6.97 nr.55

Kommunestyret sjølv kan fastsetja forskrift om opningstid i medhald av § 15 i lova.

Alt anna mynde etter lova vert delegert til rådmannen.

7.27 Stadnamnlova 18.5.90 nr. 11

Alt mynde etter lova vert delegert til rådmannen.

7.28 Forvaltningslova 10.2.67

Formannskapet er klagenemnd etter forvaltningslova § 28.

I saker der det er ekstern klageinstans gjeld fylgjande: Klage på vedtak som er gjort av rådmannen etter delegert mynde, og der klagen ikkje blir teken til fylgje, skal handsamast i formannskapet før saka eventuelt vert sendt til klageinstansen.

7.29 Opplæringslova 17.7.98 nr. 61

Kommunestyret fastset sjølv forskrifter om kva skule dei ulike områda i kommunen soknar til etter § 8-1. Ein av kommunen sine representantar i samarbeidsutvala ved dei einskilde skule skal veljast av kommunestyret sjølv, jfr. § 11-1.

Alt anna mynde etter lova vert delegert til rådmannen.

7.30 Vaksenopplæringslova 19.6.09 NR. 95.

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.31 Barnehagelova 17.6.05 nr. 64

Kommunen sin representant i samarbeidsutvalet ved den einskilde barnehage vert valt av kommunestyret sjølv § 4.

Alt anna mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.32 Barnevernlova 17.7.92 nr. 100

Alt mynde som ikkje etter lova eksplisitt er lagt til anna instans vert delegert til rådmannen.

Leiaren i Vik kommune sitt barnevern, eller vedkomande sin stadfortredar, er dei einaste som kan fatta tvangsvedtak etter bvl. §§ 4-6, 4-9, 4-25 og 4-29, og elles utøva det mynde som barnevernlova eksplisitt legg til leiarstillinga.

Ansvar for tilsyn med fosterheim vert lagt til barneverntenesta.

7.33 Folkehelselova 24.6.11 nr. 29

Kommunestyret kan setja tvangsmulkt etter «Forskrift om fastsetjing av tvangsmulkt» i medhald av lov om helsetenesta i kommunane § 18

Alt anna mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.34 Sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga 18.12.09 nr. 131
Kommunestyret sjølv vedtek rettleiande satsar for sosialstønad.

Alt anna mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.35 Helse og omsorgstenestelova 24.06.11 nr. 30
Kommunestyret har plikt til å inngå samarbeidsavtale, jfr. § 6-1.

Alt anna mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.36 Smittevernlova 5.8.94 nr. 55
Kommuneoverlegen er pålagt ansvaret for å utføra oppgåver etter lova direkte i medhald av § 7-2.

7.37 Tobakkskadelova 9.3.73 nr. 14
Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.38 Folkebiblioteklova 20.12.85 nr. 108
Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.39 Eigarseksjonslova 16.6.17 nr. 65
Kommunestyret sjølv fastset regulativ for gebyr i medhald av § 15.

Alt anna mynde blir delegert til rådmannen.

7.40 Konesjonslova 28.11.03 nr. 31
Alt mynde og alle oppgåver blir delegert til rådmannen.

7.41 Lov om vassdrag og grunnvatn (vannressurslova) 24.11.00 nr. 82
Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.42 Naturmangfaldlova 19.6.09 nr. 100
Kommunestyret sjølv fastset forskrift etter § 53.

Alt anna mynde blir delegert til rådmannen.

7.43 Arkivlova 4.12.92 nr. 26
Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.44 Introduksjonslova 4.7.03 nr. 80
Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.45 Småbåtlova 26.6.98 nr. 47 § 40 fjerde ledd andre punktum
Mynde etter paragrafen blir delegert til rådmannen.

7.46 Offentleglova 19.5.06 nr. 16

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.47 Lov om pasient og brukarrettar 2.7.99 nr. 63

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.48 Lov om offentlig innkjøp 17.6.16 nr 73

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.49 Lov om helsepersonell 2.7.99 nr 64

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.50 Husbanklova 29.05.09 nr 30

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.51 Sivilbeskyttelseslova 25.6.10 nr. 45

Kommunestyret sjølv handsamar spørsmålet om å oppretta tilfluktsrom. Den heilskaplege ROS-analysen skal forankrast i kommunestyret i løpet av valperioden.

Alt anna mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

Kommunestyret utnemner rådmannen til kriseleiar i fredstid.

Rådmannen har fylgjande fullmakter i ein krisesituasjon:

- Om nødvendig stansa all offentlig tenesteyting og unødvendig bruk av kommunalt telenett.
- Om nødvendig beordra kommunalt tilsette til teneste der det er påkravd.
- Å nytta kommunal eigedom og materiell til å løysa krisa.
- Å rekvirera nødvendig materiell og bruka dei midlar som trengst til øyeblikkeleg krisehjelp.
- Utnemna og læra opp nødvendig personell til ulike funksjonar i stab og linje under ei krise.
- Ha den nødvendige internkontroll.
- Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å bruka inntil kr 1.000.000,- dersom ein vurderer det som nødvendig for raskt å kunna handtera ei krise/uønskt hending, og/eller for å førebyggja at skade skjer eller aukar i omfang.

7.52 Personopplysningslova 15.06.2018 nr 38

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

7.53 Dyrehelsepersonellova 15.06.2001 nr 75

Alt mynde etter lova blir delegert til rådmannen.

8 Diverse saker

8.1 Fast eigedom

Kommunestyret skal sjølv avgjera saker som gjeld erverv, avhending, innløyasing, makeskifte, pantsetjing eller stifting av andre rettar og plikter i fast eigedom, med unntak av:

- Kommunestyret delegerer til rådmannen mynde til å avhenda eller erverva mindre areal (inntil 1 daa) innanfor budsjetterte rammer.
- Kommunestyret delegerer til rådmannen mynde til å ivareta kommunen sine grunneigarinteresser når det gjeld nabovarsel etter plan- og bygningslova.
- Kommunestyret delegerer til rådmannen mynde til å ivareta kommunen sine interesser når det gjeld teknisk infrastruktur.

8.2 Erstatningskrav

Kommunestyret sjølv skal godkjenna erstatningskrav over kr 100.000,- pr. sak for tap påført ved handling, vedtak eller unnlating som kommunen heftar for.

Rådmannen blir delegert mynde til å godkjenna erstatningskrav under kr 100.000,- pr. sak.

8.3 Lønsforhandlingar / personaladministrasjon

Kommunestyret delegerer til rådmannen mynde i alle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og den enskilde tilsett, inkludert oppretting/nedlegging av stillingar og tilsetjing/oppseiing/avskjed/suspensjon.

Kommunestyret delegerer også alt mynde som etter tariffavtalen kan delegerast etter gjeldande Hovudtariffavtale og Hovudavtale, til rådmannen. Dette gjeld lokale lønsforhandlingar og godkjenning av sentrale særavtalar.

8.4 Anna

- Kommunestyret vedtek sjølv hovudtrekka i den administrative organiseringa.
- Kommunestyret vedtek sjølv retningslinjer for dei folkevalde sine rettar, plikter og generelle arbeidsvilkår som ikkje fylgjer av lov.
- Rådmannen er delegert mynde til finansforvaltning i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande finansreglement.
- Rådmannen er delegert mynde til å tildela næringstilskot i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande reglement for næringstilskot.
- Rådmannen er delegert mynde til å forvalta den finansielle og fysiske forvaltninga av konsesjonskrafta i samsvar med strategi vedteken av kommunestyret.
- Rådmannen skriv under på vegne av kommunen der det ikkje i eller i medhald av lov eller avtale er lagt til ordførar, jfr. kommunelova § 9 nr. 3.
- Rådmannen har mynde til å avskriva uteståande krav inntil kr 100.000,-.

9 Mynde i rettslege tvistar

I sivile saker har ordføraren prosessfullmakt. Som prosessfullmektig kan ordføraren ta i mot forkynningar eller liknande, gje tilsvar og andre prosesskriv, erklæra motsøksmål,

internvensjonssøksmål, anke og begjæra kjæremål. Ordføreren får også mynde til å krevja fullbyrding av dommen sitt innhald så langt lova tillet.

Der det er fare for at eit krav kan gå tapt, har ordføreren mynde til å reisa søksmål på kommunen sine vegne. Ordføreren har mynde til å engasjera advokat for å ivareta kommunen sine interesser i sivile tvistar.

Ved brot på straffebestemmingar har ordføreren rett til å melda forholdet til politiet. Vidare har ordføreren rett til å begjæra påtale der kommunen er å sjå på som fornærma og påtalebegjæring er nødvendig for tiltale. Ordføreren har mynde til å påklaga bortlegging av straffesaker der kommunen er fornærma og har kravd påtale.

Ordføreren må ha særskilt løyve frå kommunestyret for å reisa privat straffesak. Dersom fristar for å gå til sak står i fare for å gå ut, kan likevel ordføreren reisa sak.

Ordføreren kan delegere mynde i høve dette kapittelet vidare til rådmannen.

10 Innstillingsreglement

Ei innstilling er eit framlegg til vedtak som det folkevalde organet skal votera over. Når rådmannen legg fram ei sak for eit folkevald organ, skal rådmannen, som ledd i saksførebuinga presentera ei innstilling, så framt saka har ein slik karakter at dette er naturleg. I ei sak som skal handsamast av fleire folkevalde organ før vedtak blir gjort, skal rådmannen innstilla til det organet som skal handsama saka først. Dette organet legg så fram si innstilling til det overordna folkevalde organet.